



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 17.03.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	2269/10	020	FSK/FEL/VIST/ådh	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 12.03.10

Desse møtte: Hanne Hope, Ingunn Martinsen, Jostein Gjerstad, Amalie Helland, Hanne Storesætre og Vibeke Øxnevad Stoltz.

Forfall: Veronika Hestad Kjøndal, Andreas Langeland, Ida Marie Kjærefjord Lavik, Torstein Flakke, Tony Andre Gundersen og Helene Flakke.

Tid: kl. 18.00. Stad: Tysneshallen.

Sakliste:

17. Opning

Hanne opna og leia møtet.

18. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

19. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

20. Godkjenning av referat 26.02.10

Referatet vart godkjent

21. Statusrapport økonomi

Tysnes Sparebank har gjeve kr 13.000 i gåve til ungdomsrådet.

Tysnes Kraftlag har gjeve kr 18.000 i gåve til installering av fiber/nettleige.

22. Handsaming av sakliste

a. Innkjøp ungdomsklubb

Tysnes ungdomslag vert ikkje ferdig med oppussinga av lokala til påske. Opninga må derfor utsetjast til mai. Første klubbdag vert endra til onsdag 12. mai. Hanne orienterer ungdomslaget om dette.

Innkjøp kiosk: Brus og popkorn, konto må opprettast.

Andre innkjøp: Madrassar, puter, sofa, bosskorger m.m. Heile styret dreg til Ikea på ein kombinert innkjøp- og sosialtur.

- b. Vakter, varelager m.m. i ungdomsklubben
Vask og rydding - 9. klasse vert spurt.

Vakter - 2 foreldre er truleg nok på kvar klubbkveld. Amalie sjekker om saka kan takast opp på foreldremøte.

Styret i ungdomsrådet må sjølv ta ansvar for kiosk, filmframsyning og musikk.

Klubben får eiga låsbart lagringsrom.

Klubben skal vera for aldersgruppa frå 8. klasse til 18 år.

- c. Kinorum
Rom bak scenen i 3 etg. er sett av til kino.
- d. Ansvarsgruppe ungdomssider på nettsida til ”Bladet Tysnes”. Ansvar Ingunn og Amalie. Gir tilbakemelding til Bladet Tysnes.

Informasjon om namnekonkurranse på ungdomsklubben vert lagt ut. Hanne sender framlegg på logo til alle i styret.

- e. Deltaking stand Bergen Storsenter?
Styret var i utgangspunktet positivt men ønskjer meir informasjon om opplegget før endeleg vedtak.
- f. Motocrossbane?
Ei gruppe på Facebook viser at interessa for motocross kan vera stor. I kommunen sin delplan for idrett, anlegg og friluftsliv er motorsportanlegg oppført under uprioritert liste.

Amalie meinte det var mange unge som var oppteken av motocrosskøyning.

Ho tar kontakt og ber dei senda meldingar og koma med innspel t.d. på dei nye sidene til ungdomsrådet på nettsida til Tysnes. Det er viktig at behovet vert synleggjort.

Styret ønskjer i tillegg meir informasjon.

23. Ymse

Ingen saker under ymse

Vibeke Øxnevad Stoltz
referent